



VERDSARV
Vestnorsk fjordlandskap

PRESSEMELDING.

Aurland/ Geiranger 23. juni 2016.

Verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap har som si fremste oppgåve å arbeide for å ivareta og fremje verdsarvstatusen tildelt Geirangerfjord- og Nærøyfjordområdet i fellesskap.

Rådet skal sikre samordning og medverke til naudsynt informasjonsutveksling mellom lokale, regional og nasjonale aktørar i dei to delområda. Rådet har som målsetjing å vere ein viktig arena for drøfting, rådgjeving og avklaring i saker for oppfylging av verdsarvstatusen. Vestnorsk fjordlandskap representert ved Geirangerfjorden- og Nærøyfjorden med omland vart i 2005 innskriven på UNESCO si liste over verdas natur- og kulturarv – sjå www.verdensarv.com

Vestnorsk fjordlandskap på studietur til Glacier Bay, Alaska.

Verdsarvrådet arbeider for at den samla forvaltninga av verdsarvfjordane må bli meir heilskapeleg, fremje ei klima og miljøvenleg utvikling i tillegg til styrke langsiktig vediskaping

Fredag den 24. juni reiser ein breitt samansett delegasjon frå Vestnorsk fjordlandskap på ein 10 dagars studietur til verdsarvfjordområdet Glacier Bay, Alaska. Tilsaman 9 personar deltek fordelt på 4 frå Geirangerfjordområdet og 5 frå Nærøyfjordområdet. I tillegg deltek ein repr. frå Cruise Norway og 1 repr. frå Sjøfartsdirektoratet – sjå vedlagt oversikt.

Turen er ei oppfylging av ei tilsvarande vitjing frå Glacier Bay i august 2015 og vert gjennomført som ein del av ein innleiande fase med mål om å etablere eit fast og matnyttig samarbeid mellom to verdsarvfjordområde med fleire felles utfordringar og mulige utviklingsvegar.

Føremålet er , i tillegg til å lære om fjordlandskapet, å utveksle røynsler og gjennomføre drøftingar kring aktuelle samarbeidstema som :

- Forvaltninga av verdsarvfjordane - med særleg fokus på styring av cruiseaktiviteten, (*Alaskamodellen*), finansiering gjennom miljøbidrag, forskning og overvaking mv.
- Formidling og informasjon - organisering og gjennomføring av aktivetar retta mot gjester og skular samt gjennom informasjonssentra.
- Lokal samfunns- og næringsutvikling – status og mulige strategiar.



Hans Erik Ringkjøb – Leiar av Verdsarvrådet og ordførar i Voss kommune har fylgjande kommentar:

Det er viktig at me får god kunnskap til korleis verdsarvområda våre kan forvaltast. I ei tid med aukande turisme, er det vår oppgåve å peike på gode løysingar som sikrar at me kan ta i vare verdsarven og legge til rette for ei god utvikling utan at me set verdsarvstatusen i fare.



VERDSARV
Vestnorsk fjordlandskap

Pressekontakt:

Hans Erik Ringkjøb, ordfører i Voss kommune og leiar av Verdsarvrådet, tlf: 971 38 720.

Jan Ove Tryggestad, ordfører i Stranda kommune og nestleiar i Verdsarvrådet, tlf: 464 11 001.

Kontaktinfo Verdsarvsekretariatet:

Sekretariat Verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap/

Sekretariat Nærøyfjordområdet:

Erling Oppheim, Tlf: 95 17 25 95, Epost: erling@naroyfjorden.no

Sekretariat Geirangerfjordområdet:

Katrin Blomvik, Tlf: 95 42 73 90, Epost: katrin@verdsarvfjord.no